

Møteprotokoll

Utval: Fellesnemnda

Møtestad: Sandøy kommune, Harøya, Sandøyhagen

Dato: 14.09.2017

Tid: Kl. 12.00 – 15.05

Medlemmer:	Kommune/Parti:
Eva Vinje Aurdal	Ålesund,AP
Tore Johan Øvstebø	Ålesund,KRF
Øystein Tvedt	Ålesund,H
Geir Stenseth	Ålesund,FRP
Anne Kristin Bryne	Ålesund,AP
Vebjørn Krogsæter	Haram,SP
Randi W. Frisvoll	Haram,KRF
Emil Korsnes	Haram,AP
Svein Harsjøen	Haram,FRP
Ewa Hildre	Haram,H
Dag Olav Tennfjord	Skodje,H
Geir Ove Leite	Skodje,AP
Kari Grindvik	Skodje,V
Karoline Huldal Hauglid	Skodje,AP
Modolf Hareide	Skodje,SP
Knut Helge Harstad	Ørskog,H
Geir Peter Aure	Ørskog,V/KRF
Olav Kjetil Sjøholt	Ørskog,H
Janet Roelofs	Ørskog,SP
Torill Leganger	Ørskog,AP
Oddvar Myklebust	Sandøy,AP
Åse Kristin Ask Bakke	Sandøy,AP
Espen Myklebust	Sandøy,AP
Hildegard Maier	Sandøy,V
Jessica Gaertner	Sandøy,H

Forfall:	Kommune/Parti:
Olav Kjetil Sjøholt	Ørskog,H

Møtte varamedlemmer:	Kommune/Parti:
Arne Abelseth	Ørskog,AP

Møtte rådmenn:	Kommune:
Astrid Eidsvik	Ålesund
Turid Hanken	Haram
Synnøve Vasstrand Synnes	Ørskog
Bente Glomset Vikhagen	Skodje
Anny Sønderland	Sandøy

Møteleiar: Eva Vinje Aurdal, Ålesund AP.

Administrasjon/andre: Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem, politisk sekretær Elin A. Moen, prosjektrådgivar demokrati Mads Solberg, kommunikasjonsansvarleg Anne Bente Skjellum. I tillegg møtte saksbehandlar Sol Slinning frå Sandøy kommune.

Orientering: Orientering i sak 14/17 vart gitt av medlem i delprosjekt A8 Sol Slinning. Orientering i sak 15/17 vart gitt av delprosjektleiar A6 Lars Fylling via skype. Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem orienterte i sak 16/17 om prosessar ved samanslåing av NAV-kontor ved kommunesamanslåing. Kommunikasjonsansvarleg Anne Bente Skjellum orienterte i sak 17/17 om grafisk materiell og uttrykk for prosjektet nye Ålesund kommune.

Diverse: Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Det vart samrøystes vedteke å føre opp sak 18/17 Eventuelt på saklista. Geir Peter Aure, Ørskog V/KRF stilte spørsmål om Arbeidsuvalet (AU) hadde fullmakt til å fråvike vedtak i fellesnemnda om at plassering av medlemmene skulle opp som sak i dette møtet. Leiar Eva Vinje Aurdal svarte på spørsmålet, og at plassering vill e bli eige punkt i det samla møtereglementet som skal behandlast på møte i fellesnemnda i oktober.

Sakliste:

Saksnr	Sakstittel
012/17	Godkjenning av møtebok frå møte 24.08.17
013/17	Referatsaker
014/17	Kriterier som skal leggest til grunn for endring av vegnamn i kommunane som inngår i nye Ålesund.
015/17	Søknad om unntak frå lovar og reglar som gjeld frist for innkrevjing av eigedomsskatt i nye Ålesund kommune.
016/17	Orientering om prosessar ved samanslåing av NAV-kontor ved

	kommunesamanslåing.
017/17	Grafisk materiell og uttrykk for prosjektet nye Ålesund kommune.
018/17	Eventuelt

012/17 Godkjenning av møtebok frå møte 24.08.17

FN -012/17 Vedtak :

Møtebok frå forrige møte 24.08.17 vert godkjent.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå forrige møte 24.08.17 vert godkjent.

013/17 Referatsaker

FN -013/17 Vedtak :

Refererte saker vert teke til vitande.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak:

Refererte saker vert teke til vitande.

014/17 Kriterier som skal leggst til grunn for endring av vegnamn i kommunane som inngår i nye Ålesund.

FN -014/17 Vedtak :

Fellesnemnda vedtar å legge følgende kriterier til grunn, i prioritert rekkefølge, når det skal tas stilling til hvilke veg som skal endre navn og i hvilken kommune evt. navneendring skal skje:

1. Antall adresser knyttet til vegnavnet i hver kommune.
Kommunen med flest adresser knyttet til et vegnavn beholder navnet.
Antall adresser knyttet til bruksenheter innen næring vektas i denne sammenheng høyere enn bolig. Det siste punktet vurderes ved skjønn.
2. For vegnavn som tilhører en gruppe av samme type, f.eks. treslag eller geografisk lokalisering, skal antall vegnavn og antall adresser for vegnavngruppen vektlegges samlet

sett. Kommunen med flest vegnavn og/eller flest adresser knyttet til vegnavngruppen beholder navnet.

3. En kommune som naturlig kan erstatte et vegnavn ved å ta i bruk navn på tilstøtende vegtrase, beholder ikke navnet.
4. Vegnavn med sterk posisjon for flere enn beboerne, f.eks. navn etter viktige personer og/eller navn av historisk betydning for det aktuelle geografiske området, beholder navnet.

Disse kriteriene bygger på de mål som er opplistet i saksutredningen og det vises til oppstillingen bokstav a-h under vurdering i saken.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Kari Grindvik, Skodje, V kom med framlegg om at pkt. 2 og 4 i tilrådinga frå arbeidsutvalet skulle byte plass.

Ved røysting vart arbeidsutvalet si tilråding vedteke med 15 mot 10 røyster for framlegget frå Kari Grindvik.

AU -013/17 Tilråding :

Fellesnemnda vedtar å legge følgende kriterier til grunn, i prioritert rekkefølge, når det skal tas stilling til hvilke veg som skal endre navn og i hvilken kommune evt. navneendring skal skje:

1. Antall adresser knyttet til vegnavnet i hver kommune.
Kommunen med flest adresser knyttet til et vegnavn beholder navnet.
Antall adresser knyttet til bruksenheter innen næring vektet i denne sammenhengen høyere enn bolig. Det siste punktet vurderes ved skjønn.
2. For vegnavn som tilhører en gruppe av samme type, f.eks. treslag eller geografisk lokalisering, skal antall vegnavn og antall adresser for vegnavngruppen vektlegges samlet sett. Kommunen med flest vegnavn og/eller flest adresser knyttet til vegnavngruppen beholder navnet.
3. En kommune som naturlig kan erstatte et vegnavn ved å ta i bruk navn på tilstøtende vegtrase, beholder ikke navnet.
4. Vegnavn med sterk posisjon for flere enn beboerne, f.eks. navn etter viktige personer og/eller navn av historisk betydning for det aktuelle geografiske området, beholder navnet.

Disse kriteriene bygger på de mål som er opplistet i saksutredningen og det vises til oppstillingen bokstav a-h under vurdering i saken.

Behandling i Arbeidsutvalet 07.09.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Framlegg til vedtak:

AU rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda vedtar å legge følgende kriterier til grunn, i prioritert rekkefølge, når det skal tas stilling til hvilke veg som skal endre navn og i hvilken kommune evt. navneendring skal skje:

1. Antall adresser knyttet til vegnavnet i hver kommune.
Kommunen med flest adresser knyttet til et vegnavn beholder navnet.

Antall adresser knyttet til bruksenheter innen næring vektas i denne sammenhengen høyere enn bolig. Det siste punktet vurderes ved skjønn.

2. For vegnavn som tilhører en gruppe av samme type, f.eks. treslag eller geografisk lokalisering, skal antall vegnavn og antall adresser for vegnavngruppen vektlegges samlet sett. Kommunen med flest vegnavn og/eller flest adresser knyttet til vegnavngruppen beholder navnet.
3. En kommune som naturlig kan erstatte et vegnavn ved å ta i bruk navn på tilstøtende vegtrase, beholder ikke navnet.
4. Vegnavn med sterk posisjon for flere enn beboerne, f.eks. navn etter viktige personer og/eller navn av historisk betydning for det aktuelle geografiske området, beholder navnet.

Disse kriteriene bygger på de mål som er opplistet i saksutredningen og det vises til oppstillingen bokstav a-h under vurdering i saken.

015/17 Søknad om unntak frå lovar og reglar som gjeld frist for innkrevjing av eigedomsskatt i nye Ålesund kommune.

AU -015/17 Vedtak :

Fellesnemnda i nye Ålesund kommune vedtek å søke om ein overgangsperiode på inntil 2 år for å harmonisere reglane for eventuell innkrevjing av eigedomsskatt i den nye kommunen.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Geir Stenseth, Ålesund, FRP kom med framlegg om å sette inn ordet *eventuell* foran innkrevjing av eigedomsskatt i den nye kommunen.

Ved røysting vart tilrådinga frå arbeidsutvalet med tillegget frå Geir Stenseth samrøystes vedteke.

AU -014/17 Tilråding :

Fellesnemnda i nye Ålesund kommune vedtek å søke om ein overgangsperiode på inntil 2 år for å harmonisere reglane for innkrevjing av eigedomsskatt i den nye kommunen.

Behandling i Arbeidsutvalet 16.08.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Framlegg til vedtak:

AU rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:

Fellesnemnda i nye Ålesund kommune vedtek å søke om ein overgangsperiode på inntil 2 år for å harmonisere reglane for innkrevjing av eigedomsskatt i den nye kommunen.

016/17 Orientering om prosessar ved samanslåing av NAV-kontor ved kommunesamanslåing.

FN -016/17 Vedtak :

Fellesnemnda tek informasjonen til orientering og ber rådmannsgruppa og prosjektkoordinator starte eit innleiande arbeid med NAV for å definere partnerskapet og avklare roller.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Arbeidsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

AU -016/17 Tilråding :

Fellesnemnda tek informasjonen til orientering og ber rådmannsgruppa og prosjektkoordinator starte eit innleiande arbeid med NAV for å definere partnerskapet og avklare roller.

Behandling i Arbeidsutvalet 07.09.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Framlegg til vedtak:

AU rår fellesnemnda til å gjere følgjande vedtak:

Fellesnemnda tek informasjonen til orientering og ber rådmannsgruppa og prosjektkoordinator starte eit innleiande arbeid med NAV for å definere partnerskapet og avklare roller.

017/17 Grafisk materiell og uttrykk for prosjektet nye Ålesund kommune.**FN -017/17 Vedtak :**

1. Nye Ålesund skal ha ein heilheitleg grafisk profil for prosjektet med å danne nye Ålesund kommune. Dette er eit viktig strategisk virkemiddel som vil virke samlande for prosessen og skape stoltheit over å vere med i nye Ålesund. Nye Ålesund vedtek ei budsjettramme på 170 000 kroner på profilen (idé, utforming og oppsett av ekstern leverandør). Trykking og distribusjon av materiell til husstandar m.v. vil kome i tillegg.
2. Nye Ålesund dekker utgiftene til nye nettsider for prosjektet nye Ålesund. Dei nye nettsidene som allereie er lanserte, har ein pris for design og bygging på 25 000 kroner.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Arbeidsutvalet si tilråding vart samrøystes vedteke.

AU -018/17 Tilråding :

3. Nye Ålesund skal ha ein heilheitleg grafisk profil for prosjektet med å danne nye Ålesund kommune. Dette er eit viktig strategisk virkemiddel som vil virke samlande for prosessen og skape stoltheit over å vere med i nye Ålesund. Nye Ålesund vedtek ei budsjettramme på 170 000 kroner på profilen (idé, utforming og oppsett av ekstern leverandør). Trykking og distribusjon av materiell til husstandar m.v. vil kome i tillegg.

4. Nye Ålesund dekker utgiftene til nye nettsider for prosjektet nye Ålesund. Dei nye nettsidene som allereie er lanserte, har ein pris for design og bygging på 25 000 kroner.

Behandling i Arbeidsutvalet 07.09.17

Framlegget til vedtak vart samrøystes tilrådd.

Framlegg til vedtak:

AU rår fellesnemnda til å gjere følgjande vedtak:

1. Nye Ålesund skal ha ein heilheitleg grafisk profil for prosjektet med å danne nye Ålesund kommune. Dette er eit viktig strategisk virkemiddel som vil virke samlande for prosessen og skape stoltheit over å vere med i nye Ålesund. Nye Ålesund vedtek ei budsjettamme på 170 000 kroner på profilen (idé, utforming og oppsett av ekstern leverandør). Trykking og distribusjon av materiell til husstandar m.v. vil kome i tillegg.
2. Nye Ålesund dekker utgiftene til nye nettsider for prosjektet nye Ålesund. Dei nye nettsidene som allereie er lanserte, har ein pris for design og bygging på 25 000 kroner.

018/17 Eventuelt

FN -018/17 Vedtak :

Tilsetting prosjektstilling IKT og digitalisering:

Rådmannsgruppa vert gitt mynde til å tilsette i prosjektstillinga for IKT og digitalisering.

Utbygging av breiband i nye Ålesund kommune:

Sak om dette og framlegg frå Dag Olav Tennfjord i møtet vert oversendt til arbeidsutvalet (AU) sitt neste møte for behandling og eventuelt sette ned ein politisk ad hoc-komite.

Oppnemning av observatør/deltaker til referansegruppe for Møreaksen:

Fellesnemnda vil invitere Statens vegvesen for å orientere om status for Møreaksen i møte i fellesnemnda 05.10.17, eventuelt i seinare fellesnemndmøte. Fellesnemnda vil deretter avgjere om det skal oppnemnast observatør/deltakar frå nye Ålesund i referansegruppa for Møreaksen.

Behandling i Fellesnemnda 14.09.17

Leiar Eva Vinje Aurdal, Ålesund, AP viste til at det ikkje er vedteke delegasjonsreglement enno, og tok opp spørsmål om å gi rådmannsgruppa mynde til å tilsette i prosjektstillinga for IKT og digitalisering.

Framlegget frå Eva Vinje Aurdal vart samrøystes vedteke.

Knut Harstad, Ørskog, H tok opp spørsmål om utbygging av breiband til utkantsområde i nye Ålesund kommune der kommersiell utbygging ikkje er lønsamt med visning til intensjonsavtalen og vedtak i styringsgruppa 17.01.17. Knut Harstad har tidlegare meldt koordinator at han ville ta opp saka i

fellesnemndmøtet. Koordinator vidareformidla kort statusrapport frå Are Staurset på budsjettmidlar frå KMD på 4,5 mill.

Dag Olav Tennfjord, Skodje, H sette fram slikt framlegg:

Fellesnemnda ber administrasjonen starte utgreiing av eit prosjekt som har som formål å vidareføre målsettingane som vart vedteke i styringsgruppa for nye Ålesund i møte 17.01.17 i Ålesund.

Målet med denne utgreiinga skal vere å skaffe eit kvalifisert kostnadsoverslag og tilrådingar til korleis eit anbod skal utformast.

Samla kostnadsramme må i neste omgang vurderast ut i frå dei samla andre kostnadane til gjennomføring av kommunesamanslåingsprosjektet.

Leiar Eva Vinje Aurdal kom med framlegg om å sende saka og framlegget frå Dag Olav Tennfjord over til Arbeidsutvalet (AU) sitt neste møte for behandling og eventuelt sette ned ein politisk ad hoc-komite.

Ved røysting vart framlegget frå Eva Vinje Aurdal samrøystes vedteke.

Svein Harsjøen, Haram, FRP tok opp spørsmål om å oppnemne ein observatør/deltakar frå nye Ålesund til referanse gruppa for Møreaksen . Dette vart også tatt opp under eventuelt i møte i arbeidsutvalet 07.09.17.

Etter ordskifte kom Eva Vinje Aurdal med framlegg om å invitere Statens vegvesen til møte i fellesnemnda 05.10.17 for å orientere om status for Møreaksen, eventuelt i seinare fellesnemndmøte. Fellesnemnda kan deretter avgjere om det skal oppnemnast observatør/deltakar frå nye Ålesund i referansegruppa for Møreaksen. Det vart opplyst at første møte i referansegruppa er 23. oktober, og at eventuell observatør bør vere vald før dette.

Framlegget frå Eva Vinje Aurdal vart samrøystes vedteke.

Til slutt påpeika leiar Eva Vinje Aurdal at fellesnemnda må diskutere alle viktige vegprosjekt, og prioritere kva som er viktigast for nye Ålesund å engasjere seg i.

Framlegg til vedtak:

Ikkje framlegg .